

Saksbehandlar: Espen Helgeland
Sak nr.: 20/3199-3

1. handsaming - detaljreguleringsplan for Rv. 55 Fosshagen bru

Kommunalsjefen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Plan- og forvaltningsutvalet legg framlegg til detaljreguleringsplan for rv. 5 Fosshagen bru ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med desse endringane:

1. Faresone H320 (flaum) langs strandlinja vert innarbeidd i reguleringsplanen før vedtak.
2. Faresone H310 (ras- og skredfare) vert innarbeidd i reguleringsplanen før vedtak.

Vedlegg:

1. plankart
2. føresegner
3. planomtale
4. ROS-analyse
5. rapport frå kulturminneregistrering
6. geoteknisk undersøking
7. hydraulisk analyse
8. plan og profil
9. støykoter eksisterande veglinje
10. støykoter ny veglinje

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Statens vegvesen har utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for Rv. 55 Fosshagen bru. Føremålet med planarbeidet er å erstatte eksisterande Fosshagen bru med ei ny bru, ettersom denne er for smal og ikkje har rekkverk som tilfredsstillar dagens krav. Planområdet er lokalisert langs Sognefjordvegen mellom Leikanger og Grinde, og omfattar eigedomane gbnr. 206/1, 206/6 206/9 og 206/11.



Figur 1: Lokalisering av planområdet.

Tilhøvet til andre planar

Planområdet ligg i eit uregulert område. I arealdel til kommuneplanen er området forutan regulert samferdsel og bustadføremål for gbnr. 206/6 og 206/11, avsett til LNF-føremål. Planområdet ligg innanfor omsynssone for ras- og skredfare og flaumfare. Det er også eit automatisk freda kulturminne i planområdet.

Planprosess

Statens vegvesen varsla oppstart av planarbeidet den 31.01.2019 i samsvar med plan- og bygningslova 12-8. Frist for innspel vart sett til 15.03.2019. Varsel om oppstart vart kunngjort i Sogn avis og sendt til naboar, grunneigarar og offentlege instansar. Det er kome inn sju innspel til oppstartsvarselet. Desse er oppsummert av vegvesenet i planomtala, med kommentar til korleis desse vert følgt opp i planarbeidet.

Planframlegget

Hovudføremålet med planarbeidet er å utarbeide reguleringsplan som sikrer areal til bygging av ny bru. Framlegget legg opp til at reguleringsplanen skal:

- omfatte ny Fosshagen bru;
- tilpassing av Rv. 55 inkludert private avkjørsler;
- gje grunnlag for å utarbeide kostnadsoverslag med 10% nøyaktigheit;
- gje grunnlag for grunnverv og;
- gje grunnlag for utarbeiding av byggeplan/konkurransgrunnlag.

Planområdet er avgrensa av fjorden på sørsida av rv. 55, og omfattar naudsynt areal på nordsida av vegen. Med unntak av vegarealet, er største del regulert til LNF-føremål. I tillegg er det regulert bustadføremål på to eigedomar, gbnr. 206/6 og 206/11.

I samband med bygginga treng ein eit anleggsbelte på tre meter på begge sider av vegen, regulert som mellombels bygge- og anleggsområde. Dette arealet skal tilbakeførast til grunneigar. I tillegg er det regulert inn

areal for ein ny tilkomstveg frå riksvegen til gbnr. 206/11, som får stengt avkøyrsla si i samband med den nye brua. Nøyaktig plassering av denne vil avhenge av kor det er fast fjell, og best egna tilkomst. Det er difor regulert inn eit større område til denne enn kva som kjem til å bli bygd.

Framlegget legg opp til at vegen skal byggast etter krav i handbok N100 Veg og gateutforming (2018), med total vegbreidd 7,5 meter, der kvar køyrebane er 3 meter pluss 0,75 meter skulder.

Etter at anlegget er ferdig vil situasjonen i planområdet vere ganske lik dagens situasjon. Vegen skal i utgangspunktet ikkje utvidast, og den nye brua er ikkje mykje breiare enn dagens bru. Største endring i terrenget er ny tilkomstveg til ein eigendom. Grunna rekkverkskrav må brurekkverket forlengast.

Framlegget legg opp til at landbruksareal skal stellast til for fruktdyrking. I føresegnene er det sett krav om at ein rigg- og marksikringsplan skal utarbeidast under prosjekteringa og sikre dette i anleggsfasen. Det er også sett krav om at det skal utarbeidast ein plan for ytre miljø, som skal ivareta natur- og miljøomsyn. Denne skal skildre prosjektet sine utfordringar knytt til ytre miljø og korleis desse skal handterast. Planen skal ligge føre ved oppstart av arbeidet med å planlegge gjennomføring av veganlegget (byggeplan). Tabell 8-1 i planomtala syner viktige punkt for planarbeidet som vert følgt teke inn i YM-planen.

2. Vurderingar og konsekvensar

ROS-analyse og utgreiingar

I samråd med tidlegare Leikanger kommune har Statens vegvesen vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing for andre tema enn kulturarv. På bakgrunn av eit automatisk freda kulturminne (gravhaug) som er lokalisert innanfor planområdet, er dette eit tema som skal vurderast. Dette er utgreidd i planomtala (vedlegg 3). Næring- og kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune har gjennomført kulturminneregistrering, og det vart ikkje gjort nye funn i området.

Det er utarbeidd ROS-analyse for reguleringsplanen (vedlegg 4). Ut ifrå tilhøve avdekka i denne, er det innarbeidd følgande tiltak i reguleringsplanen:

- Geometrien ved overgangen mellom ny og eksisterande veg og utbetring av sikt, er teke omsyn til i reguleringsplanen.
- Tiltak for å minimere hendingar med uønskte konsekvensar i reguleringsplanen og gjennom plan for ytre miljø og miljørisikoen.
- Det er utført støyberekningar, som syner at ingen hus kjem i raud sone etter ferdig tiltak.

I tillegg er følgande tiltak tilrådd fram mot anleggsstart:

- Det skal gjennomførast synfaring for å avklare sikringsbehov før anleggsstart, både for ytre miljø og trafikantar.
- Ein skal ha dialog med ansvarlege for utrykkingskøyretøy før anleggsstart for å utarbeide plan for trafikkavvikling.

Det er utarbeidd geoteknisk rapport i for planarbeidet. Denne seier at eksisterande bru står på fast fjell. For vidare arbeid vert det anbefalt følgande:

I samband med byggeplan og når riggområder/deponiområder blir avklart må det vurderast om det må utførast supplerande grunnundersøkingar. Det bør også målast inn fjell i dagen.

Det er også utarbeidd hydrologisk rapport for området. Resultat av denne synte at nedre høgde på bru bør ligge på kote 9,5 ved ein 200 års flaum. På bakgrunn av dette har ein auka avstanden mellom landkara og heva brua. Den nye brua er og tynnare enn den eksisterande brua, slik at arealet under brua er større enn i dag.

Vi vurderer at aktuelle ROS-tema er tilstrekkeleg utgreidd i ROS-analyse, og at avbøtande tiltak ivaretek desse.

Samferdse

Framlegget legg opp til at avkøyrse til gbnr. 206/11 vert stengd, som vert kompensert ved ny tilkomstveg. Det er vurdert at denne tilkomstvegen lyt gå gjennom naboeigedomen. Løysinga som framlegget syner er valt fordi den tilfredsstiller krava til trafikktryggleik og ikkje medfører inngrep i automatisk freda kulturminne eller strandsona. Vi vurderer denne løysinga som tilfredsstillande ut ifrå aktuelle omsyn på staden.

Kultur- og naturverdiar

Framlegget tek omsyn til gravrøysa i planområdet, Elsviknabben, med bandleggingssone H730 (automatisk freda kulturminne). Av planomtala går det fram at tiltaka som skal utførast ikkje kjem i direkte konflikt med gravrøysa, og at det vil vere liten endring frå dagens situasjon for gravrøysa når anlegget er ferdigstilt. I YM-planen og føresegner er det gitt som føresetnad at gravrøysa vert merkt med merkeband eller andre fysiske markeringar som gjer at den er synleg under anleggsarbeidet. Den skal også sikrast med gjerde i anleggsperioden.

Av planomtala går det fram at det ikkje er særskilt verdifulle naturtypar i planområdet. Med omsyn til naturmangfald i elva, er det lagt inn avbøtande tiltak i i YM-planen. Mellom anna skal det ikkje kome betong i elva i samband med bygging av ny bru. I tillegg skal ikkje kantvegetasjon langs elva fjernast med mindre det er naudsynt for arbeid med ny bru. I så tilfelle skal kantvegetasjon reetablerast. Dersom maskiner eller anna utstyr skal ut i elva eller vatnet må dei vere frie for Gyrodactylus salaris (lakselus) og andre framande skadelege vasstilknytte artar. Rigg- og marksikringsplan skal syne opplegg/område for ivaretaking av verdifulle naturområde/tre og naturleg revegetering i aktuelle område.

Framlegget legg ikkje opp til inngrep i strandsona. Vi vurderer at omsyn til kultur- og naturverdiar er tilstrekkeleg ivareteke i planframlegget.

Samfunnstryggleik

Største del av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred, i tillegg til ein mindre del i vest som er ligg innanfor aktsemdsområde for snø- og steinsprang. Desse faresonene er ikkje lagt inn i planen. Vi tilrår at desse vert vidareført i reguleringsplanen i samsvar med aktsemdskart frå NVE.

Framlegget har ikkje teke omsyn til havnivåstiging. Vi tilrår at omsynssone for flaum (stormflo) vert innarbeidd i reguleringsplanen i samsvar med aktsemdskart frå NVE.

Kommentar til planframlegget

Følgande tekniske tilhøve må utbetrast før 2. handsaming:

- Sikringszone for frisikt skal vere underlagt «§12-6 – omsynssoner» i teiknforklaringa, og givast - påskrift H140 i plankartet.
- Linjesymbol for eigedomsgrenser skal gå fram av teiknforklaring til plankart.

4. Konklusjon

Kommunalsjefen tilrår at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10, med desse endringane:

1. Faresone H320 (flaum) langs strandlinja vert innarbeidd i reguleringsplanen før vedtak.
2. Faresone H310 (ras- og skredfare) vert innarbeidd i reguleringsplanen før vedtak.

Leikanger, 02.02.2021

Arne Abrahamsen
kommunalsjef
Plan og samfunn